



# SELJE KOMMUNE

## Driftsutvalet

### Møtebok

**Møtedato:** 29.08.2011

**Møtetid:** Kl. 15:00 – 17:45

**Møtested:** Kommunehuset

**Saksnr.:** 037/11 - 045/11

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

SP: Gunn Sande. FRP: Svein Hansen. Frittstående pol.: Kjell-Magnar Flølo. H: Gry Otneim.  
KRF: Per Stave. Uavh.gr.: Terje Ødegård, Vivian Nygård Sætren.

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Leiar Kommunalteknikk Terje Nybakk, som og førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Driftsutvalet vedtok samrøystes å handsame ei tilleggsak:

Sak 045/11 Sikring bustadfelt mot flaumskader, eldre bustadfelt Flatraket  
– Omprioritering / Finansiering

Driftsutvalet vedtok å handsame sak 041/11 som fyrste sak

Vidare vart det bestemt å lukke møtet under handsaminga av denne saka.

Leiar Eigedomsavd. Merete Nerland orienterte om olje(lukt)-problema på kommunehuset og kva som har blitt gjort for å bøte på problema.

7 voterande.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
037/11	Godkjenning av møtebok
038/11	Delegasjonssaker
039/11	Referatsaker
040/11	Kommunale vegar - vintervedlikehald 2011-2014
041/11	Aksjon skuleveg 2011 - gang-/sykkelbru Flatraket, Val av alternativ - tilleggfinansiering
042/11	Gbnr. 69/3 - deling - fellesareal - Advokat Hans Lothe AS, Ove Kupens dødsbu
043/11	Gbnr. 21/21 - Byggsak - Naust - Reidulf Ervik
044/11	Gbnr 22/3 - Byggsak - Garasje - Tore Nilsen
045/11	Sikring bustadfelt mot flaumskader, eldre bustadfelt Flatraket - Omprioritering / Finansiering

**Tilleggsaker:** Sak 045/11.

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:**\_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	29.08.2011	037/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/728
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 09.06.11 vert godkjent slik den ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande.

### **KU-037/11 VEDTAK**

Møteboka frå møte 09.06.11 vert godkjent slik den ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	038/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/726
---	----------------------	-----------------------------

## Delegasjonssaker

**DKU. 011/11: Forskrift for skulerute 2011 - 2012**

**DKU. 037/11: Gbnr. 62/7 - byggsak - tilbygg til bustadhus - Ole Kasper Tunheim**

**DKU. 039/11: Gbnr. 69/3 - Deling av grunneigedom - Ove Kupens dødsbu - handsaming etter jordlova**

**DKU. 046/11: Gbnr. 84/3 - Byggsak - vedbod - Per Kåre Håvik**

**DKU. 047/11: Motorferdsle i utmark - Stadlandet IL Rett Vest 2011**

**DKU. 048/11: Løyve - Skadefelling hjort 2011 - Ingmar Solvåg**

**DKU. 049/11: Tilskot til viltgjerde - Else Chr. Våge**

**DKU. 050/11: Gbnr. 24/11 og 24/18 - Deling av eigedom - Frådeling to tomter - Tove Molnes Husabø**

**DKU. 051/11: Gbnr 45/11 - konsesjon - Jon Borge Frogner og Helle Frogner**

**DKU. 052/11: Skadefelling hjort 2011 - Torbjørn Solvåg**

**DKU. 053/11: Gbnr. 21/4 - Byggsak - Tilbygg til bustad, garasje - Idar Ervik**

**DKU. 054/11: Skadefelling gås 2011 - Dag Austring**

**DKU. 055/11: Tilskot til viltgjerde, gås - Dag Austring**

**DKU. 056/11: Fellingsløyve - gås - Else Chr. Våge**

**DKU. 057/11: Skadefelling gås og rev 2011 - Åge Nygård**

**DKU. 058/11: Gbnr. 32/1 - Byggsak - fasadeendring / heving av tak på naust - Ove Waag**

**DKU. 059/11: Gbnr. 32/6 - Utsleppsløyve - Bustadbrakke / Verkstadbygg - Ivar Hoddevik**

**DKU. 060/11: Gbnr. 26/11 - Utsleppsløyve - Oppholdsrom på oppdrettsbase - Marine Harvest Norway A/S**

**DKU. 061/11: Gbnr. 71/16 - Utsleppsløyve - Oppholdsrom på oppdrettsbase - Marine Harvest Norway A/S**

**DKU. 062/11: Skadefelling rev - 2011 - Steinar Hatlelid**

**DKU. 063/11: Gbnr. 62/7 - Utsleppsløyve - Bustadhus - Ole Kasper Tunheim**

**DKU. 064/11: Gbnr. 58/81 - Byggsak - Rammeløyve bustadhus - Sondre Otnes**

**DKU. 065/11: Gbnr. 46/10 - Utsleppsløyve - Bustadhus, kiosk og sanitæranlegg - Halvdan Hoddevik**

**DKU. 066/11: Gbnr. 23/51 - Utsleppsløyve - Fritidsbustad - Else Nesheim**

**DKU. 067/11: Gbnr. 51/11 - Utsleppsløyve - Fritidsbustad - Susan Louise Fretheim**

**DKU. 068/11: Gbnr. 2/1 - konsesjon - Rune Hovden**

**DKU. 069/11: Gbnr. 16/18 - Byggsak - garasje - Eva Janne T. Årvik**

**DKU. 070/11: Gbnr. 89/11 - Byggsak - tilbygg uthus - garasje - Helge Kvernevik**

**DKU. 071/11: Gbnr. 56/124 - Byggsak, altan - Atle Solheim**

**DKU. 072/11: Gbnr. 23/51 - byggsak - tilbygg fritidsbustad - Else og Sjur Nesheim**

**DKU. 073/11: Gbnr. 28/33 - Igangsettingløyve - naust - Borgundvåg Småbåtlag**

**DKU. 074/11: Gbnr. 24/2 - Byggsak - bustadhus - Raymond Edvart Myren**

**DKU. 076/11: Ekstra skuleskyss til/frå Stadlandet oppvekstsenter**

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande.

**KU-038/11 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	039/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/727
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	11/3802	I	15.07.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vedtak i klagesak vedrørende oppføring av støttemur av stein på gnr. 3, bnr. 6 i Selje kommune
2	11/3705	I	06.07.2011	Kystverket Vest	Kopi av vedtak - Tillatelse til vedlikeholdsmudring av innseilingsleden til Honningsvåg fiskerihavn - Selje kommune - Sogn og Fjordane

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011

7 voterande.

### Tilleggsreferat:

3. Notat frå rådmann, dat. 25.08.11 – Svar/sakshandsaming av søknader.

**KU-039/11 VEDTAK**

1. Teke til vitande.
2. Teke til vitande.
3. Notat frå rådmann vart delt ut i møtet. Teke til vitande.  
Samrøystes.





# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	040/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-Q03	11/616

## Kommunale vegar - vintervedlikehald 2011-2014

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	14.06.2011	Øystein Kongsvik; Daniel Kupaen; Per Ove Våge; Svein Rekdal; Kjersti S. Seljen; Vigdis Bakkebø; Oppedal & Sønner; Kjell Leander Kvamme; Honningsvåg Maskin AS; Åge Ervik; Jarle Teige; Torbjørn Solvåg	Kommunale vegar, Selje kommune - Anbud brøyting, 2011-14.
1	U	14.06.2011	Fjordenes Tidende	Annonse, brøyting
3	U	15.06.2011	www.doffin.no	Utlysing, Doffin
7	I	20.06.2011	Kjell Kvamme	Tilbod - brøytekontrakt
8	I	07.07.2011	Åge Ervik	Tilbod - brøytekontrakt
9	I	08.07.2011	Øystein Kongsvik	Tilbod - brøytekontrakt
11	I	13.07.2011	Kjersti Skårhaug Seljen	Tilbod - brøytekontrakt
10	I	13.07.2011	Daniel Kupaen	Tilbod - brøytekontrakt
5	I	13.07.2011	Torbjørn Solvåg	Brøytekontrakt
4	I	13.07.2011	Svein Rekdal	Brøytekontrakt
6	I	15.07.2011	Honningsvåg Maskin AS	Tilbod
12	I	21.07.2011	Jarle Teige	Tilbod - brøytekontrakt
14	I	27.07.2011	Til den det måtte gjelde	Anskaffelsesprotokoll, anbud, brøyting

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.07.2011	ANBRØYT,11-14.XLS	28215

## Saka gjeld

Brøytekontrakter, kommunale vegar, 2011/12/13/14.

## Opplysningar til saka

Kommunen opererer normalt med 3-års kontrakter når det gjeld brøyting av kommunale vegar.

Gjeldande kontraktperiode gjekk ut siste sesong og det er no innhenta nye tilbod for kommande sesongar.

Brøytinga har vore annonsert i Fjordenes Tidende og på Doffin .no;- tilbodsfrist 15.07.11.

Av utlysingsteksten går fram at det er høve til å gje inn tilbod både for kortare og lengre periode enn 3 år.

Innan fristen kom det inn 8 tilbod på ulike roder.

Unnateke eitt tilbod, som gjeld for 5 år for rodene 9,10,11 og 15, er innkomne tilbod på 3 år.

På desse rodene kom det ikkje inn tilbod innan fristen:

- Rode 3 - Salt
- Rode 5 - Selje m/omegn,
- Rode 7 - Bustadfelt i Kjøde,
- Rode 13 - Årvik
- Rode 14 - Honningsvåg
- Rode 17 – Kjøde, tidlegare riksveg gjennom bygda

Etter fristen har det komt inn tilbod på rode 13 og 14, eksl. veg til Petter Andreassen i Honningsvåg.

Samla beredskap for innkomne tilbod er på kr. 415.000,-.

Dette er ei auke på om lag 20 % samanlikna med føregåande 3-års periode.

20% auke tilsvarer ei årleg meirutgift til bereskap på omlag 80-90.000 kr.

Tilsvarande er det ei snittauke på +/- 15 % i timeprisane, med variasjoner mellom 0 og 30 %.

## Finansiering

Må finansierast over vegvedlikehaldet.

15-20% auke vil truleg medføre behov for tilleggsføring.

## Sakshandsamar si vurdering

Med bakgrunn i at det ikkje er kome inn konkurrerande tilbod på nokon av brøyterodene, har det liten hensikt å vurdere nærare om denne prisstigninga er urimeleg eller ikkje.

Innkomne tilbod vert tilrådd godteke.

Når det gjeld rode 5, Selje og omegn, vert det tilrådd at brøytinga her vert utført med eige mannskap og utstyr. Grunngevinga for dette er at kommunen har eige mannskap og brøyteutstyr og vil berre få eit mindre tillegg i vaktberedskapen for å utføre brøytinga med egne tilsette.

Sakshandsamar har i tillegg hatt telefontakt med potensielle brøytarar, for å om mogeleg å få nokon til å kunne ta brøytinga på dei ledige rodene.

Innkomne tilbod med framlegg til godtaking er sett opp i eige vedlegg.

## **Konklusjon**

Innkomne tilbud vert tilrådd godtekne slik det går fram av vedlegget.

Med bakgrunn i sakshandsamar si vurdering, vert brøytinga for Selje og omegn vedteke å utføre med egne tilsette.

## **Saksgang**

Endeleg vedtak i KU

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Innkomne tilbud vert godtekne slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegget.

Vidare vert brøytinga for Selje og omegn, med bakgrunn i sakshandsamar si vurdering, vedteke å utføre med egne tilsette.

Administrasjonen får elles fullmakt til å forhandle fram brøytekontrakter for dei andre rodene.

Resultatet av forhandlingane vert å legge fram for driftsutvalet som referat.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande

## **KU-040/11 VEDTAK**

Innkomne tilbud vert godtekne slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegget.

Vidare vert brøytinga for Selje og omegn, med bakgrunn i sakshandsamar si vurdering, vedteke å utføre med egne tilsette.

Administrasjonen får elles fullmakt til å forhandle fram brøytekontrakter for dei andre rodene.

Resultatet av forhandlingane vert å legge fram for driftsutvalet som referat.

Samrøystes.

Utskrift til:

Dei som har sendt inn tilbud m/signerte avtaler.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	041/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FE-233, FA-Q80	10/706

## Aksjon skuleveg 2011 - gang-/sykkelbru Flatraket, Val av alternativ - tilleggsfinansiering

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	02.11.2010	Statens vegvesen - Region vest	Orientering - Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - Aksjon skuleveg 2011
2	U	09.12.2010	Statens vegvesen - Region vest	Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - Aksjon skuleveg 2011, Søknad om tilskot.
3	I	16.02.2011	Statens Vegvesen	Fordeling av Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar
4	U	03.03.2011	svein.sjaholm@consulentpartner.no,	GS bru - Flatraket. - prosjektering
5	I	08.03.2011	Per Åge Brevik	Tilbod, prosjektering
6	I	15.06.2011	Per Åge Brevik	Flatraket gs-bru, annonse, anbod
8	I	21.06.2011	www.Doffin.no	Utlysing, anbod, Doffin.no
7	I	21.06.2011	Til den det måtte gjelde	Referat synfaring, bru-gang- og sykkelveg, Flatraket
9	I	14.07.2011	Per Åge Brevik	Flatraket gs-bru, Anbudsprotokoll
10	U	19.07.2011	UNU AS	Flatraket gs-bru - orientering

### Vedlegg i saka

### Saka gjeld

Bygging av gang-sykkelveg/fortau på Flatraket

Prosjektet har vore utlyst på anbud. Innkome eitt tilbod som ligg langt over det som er avsett i budsjettet.

Det må takast stilling til brualternativ og tilleggsfinansiering.

## Opplysningar til saka

Siste 4-6 åra, har ASV-midlane vekselvis vore nytta til etappevis utbygging av gang- og sykkelveg på Stadlandet og Flatraket. I samsvar med Trafikktryggingsplanen har det dei samme åra og også i 2011, vore avsett om lag 500.000 kr. kvart år.

I flg. Trafikktryggingsplanen skal ny etappe av gang-sykkelveg/fortau på Flatraket byggast i 2011. Ein er no komen så langt med denne vegen, at det må byggast bru over Storeelva.

Bruprojektet har vore lyst ut på anbud i Fjordenes Tidende, Sunnmørsposten og på Doffin.no, med 15.07.11 som tilbudsfrist.

Innan fristen kom det inn berre eitt tilbod.

I anbudet er det gjeve høve til å gje pris både på betongbru og på stålbru.

Pristilbodet, eks. mva, på betongbru er på kr. 1.055.000, og på stålbejelkebru kr.1.139.000.

Begge bruene er prosjektert køyrebare for brøytekøyrety.

## Finansiering

Er budsjettet med kr. 500.000;- tilskot kr. 300.000 og kapitalfond kr. 200.000.

Tilskotet på kr. 300.000 er det gjeve tilsegn om.

## Sakshandsamar si vurdering

I utgangspunktet vurderer sakshandsamar prisane som svært høge. Ei slik bru burde i utgangspunktet ikkje koste meir enn kr. 400.-800.000, noko avhengig av brulengda.

### Årsak til dei høge kostnadane:

1. Stramt marked, kort frist, berre ein tilbydar.
2. Køyrbar eller ikkje-køyrbar bru:  
I utgangspunktet var det planlagt ei bru med gitterrist-dekke, lengde ca. 8 m og breidde ca. 2 m, som ikkje skulle vere køyrbar. Med bakgrunn i signal frå vegvesenet og brukarane, og dei 2 siste vintrane med mykje snø, er det prosjektert ei bru som er køyrbar for brøytekøyrety.
3. Brulengde:  
I utgangspunktet var det, jfr. pkt. 2, planlagt ei ikkje-køyrbar bru på om lag 8 m. Med bakgrunn i konklusjonen i pkt. 2, er det underveis i prosjekteringa konstatert at brufundament/-vanger på eksisterande bru, ikkje er av ein slik kvalitet at det er tilrådeleg å bruke desse som grunnlag for fundamentering av ny bru. Vi har difor funne det nødvendig å trekke fundamenta utom eksisterande vingemurar for å vere sikker på å ikkje uroe desse.
4. Med bakgrunn i pkt. 2 og 3, er prosjektert bru køyrbar, 12,5 m lang og 3,0 m brei

### Vidare framdrift av saka vurderer sakshandsamar slik:

ALT 1: Ny utlysing av eksisterande prosjekt.

Sjølv om ein får ned kostnaden noko ved å lyse prosjektet ut på nytt, må prosjektet tilførast meir midlar dersom det skal gjennomførast.

Alternativ til restfinansiering:

- 1.1 Prosjektet vert å fullføre i 2011.

Med bakgrunn i ny utlysning og innkomne til bod, vert prosjektet tilført nødvendige midlar i inneverande år;- er snakk om min. kr. 500.-700.000 i tillegg. Kan kanskje vere mogeleg å få auka tilskotet.

1.2 Fullføringa av prosjektet vert utsett til 2012.

Med bakgrunn i ny utlysning og innkomne til bod, vert prosjektet oppstarta, men ikkje fullført og fullfinansiert før i 2012;- er snakk om min. kr. 500.-700.000 i tillegg.

Kan evt. vedtakast som Aksjon Skuleveg- prosjekt i 2012. Må avklarast med Vegvesenet om prosjektet vedteke for 2012 i Trafikktryggingplanen kan forskyvast, eller evt. om det kan gjevast tilskot til to prosjekt og at totalramma vert auka utover kr. 500.000.

ALT 2: Ein går attende til opprinnelege planer, dvs. ei ikkje-kjørbar bru. Brua vert då kortare, smalare og vert truleg ein god del rimelegare. Ny utlysning med dette som bakgrunn.

### Konklusjon

Etter sakshandsamar si vurdering, er 2 alternativ mest aktuelle:

- Med bakgrunn i ny utlysning og innkomne til bod, vert prosjektet tilført nødvendige midlar i inneverande år;- er snakk om min. kr. 500.-700.000. Evt. tilføring av midlar frå andre prosjekt innafør kommunalteknikk kan gjerast opptil kr. 550.000. Dette vil evt. gjelde desse prosjekta.
  1. Sikring av elveløp, Øvre Sjøstad 150.000 kr.
  2. Kai Klostervågen 300.000 kr.
  3. Kjøp av flishoggar 110.000 kr.Desse bør då refinansierast i 2012. Resterande må finansierast på annan måte.
- Fullføringa av prosjektet vert utsett til 2012. Med bakgrunn i ny utlysning og innkomne til bod, vert prosjektet oppstarta, men ikkje fullført og fullfinansiert før i 2012;- er snakk om min. kr. 500.-700.000

### Saksgang

Tilråding i driftsutvalet. Endeleg vedtak i kommunestyret.

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Under samme føresetnader, dvs. kjørbare bru;- men med lengre tidsfrist, vert det føreteke ny utlysning av prosjektet.

Med bakgrunn i ny utlysning og innkomne tilbod, og under føresetnad av at totalkostnaden for prosjektet ikkje overstig 1.200.000 kr., vert prosjektet oppstarta, men ikkje fullført og fullfinansiert før i 2012.

Nødvendige midlar inntil 700.000 kr. vert å sette av på investeringsbudsjettet for 2012.

Det skal søkjast om tilskot til prosjektet frå Aksjon skuleveg slik det går fram av alt. 1.2 i saksutgreiinga.

### Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011

7 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka vert utsett i påvente av juridisk vurdering av sakstilfanget.

Avrøysting:  
Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

**KU-041/11 VEDTAK**

Saka vert utsett i påvente av juridisk vurdering av sakstilfanget  
Samrøystes.

Utskrift til:  
Rådmann



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	042/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	gbnr-69/3, FA-V60	10/502

## Gbnr. 69/3 - deling - fellesareal - Advokat Hans Lothe AS, Ove Kupens dødsbu

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	02.07.2010	Advokatene Lothe & Mardal	Gbnr. 69/3 - deling - fellesareal - Ove Kupaen

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.07.2010	Gbnr. 69/3 - deling - fellesareal - Ove Kupaen	19694
10.08.2011	Vedlegg	19695

### Saka gjeld

Deling av driftseining på gbnr. 69/3, Langenes, i Selje kommune.

Advokat Hans Lothe fremjar søknaden i det han representerer Ove Kupaen sitt dødsbu.

Søknaden går ut på å dele frå gbnr. 69/3 sin del av sameigeparten i felles utmark (areal og rettar) og la grannebruka på gnr. 68 (Øren), gnr. 69 (Hatlenes) og gnr. 70 (Moldestad) overta denne parten.

Eigarteigen til gbnr. 69/3 (44 da) er det planen å selje.

### Opplysningar til saka

Medan Ove Kupaen levde søkte han om denne delinga fordi han hadde kjøparar til bruket som ikkje ville bu på eigedomen. No fremjar advokat Hans Lothe AS saka som representant for buet.

Ved å skille frå sameigeparten i felles utmark vil restarealet komme under arealgrensene i høve konsesjon.



Frådeling av utmarka med alle rettar er ei deling av driftseining og må handsamast etter jordlova § 12 (delingsforbodet). Det rører og ved sameigelova ved at det vert endringar i sameige på Øren (gbnr. 68), Hatlenes (gnr. 69) og Moldestad (gnr 70). Restarealet på gbnr. 69/3 er 44 da. Etter jordregisteret er 23 da jordbruksareal, 3 da fulldyrka.

### **Lover/regelverk**

- Jordlova.

Føremålet med delingsforbodet i jordlova er å sikre ein tenleg bruksstruktur i landbruket, for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket, med hovudvekt på busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Jordlova §12 opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller dersom deling er forsvarleg ut frå den avkastninga eigedommen kan gje.

- Konesjonslova.
- Sameigelova.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Ved avhending av utmark med alle rettar vert resteigedomen så liten (under 100 da) at den kan overdragast fritt etter reglane for konsesjonsfritak. Det vil i praksis bety at sentrale delar av eigedomen kan omsetjast fritt til ein monaleg høgare pris fordi det ikkje kan stillast konsesjonskrav til kjøpar (til dømes som fritidseigedom). Nære slektningar kan overta overta eigedomen konsesjonsfritt slik den er no.

Totalarealet på 269 da seier at dette er ein landbrukseigedom av ein slik storleik at samfunnet gjennom konsesjonslova vil ha ei viss styring med korleis ressursane vert forvalta. Selje kommune har hatt ein relativt streng praktisering i konsesjonssaker av omsyn til fast busetjing på gardsbruk over 100 da totalareal (konesjonsgrensa). Dette har ført til ein viss pågang for å dele opp gardsbruk slik at dei kan seljast fritt til høgare pris som fritidseigedomar. Dette er vurdert å vere i strid med § 1 i jordlova, føremålsparagrafen, disponering av arealressursane med hovudvekt på busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar og delingsforbodet i § 12 fordi det ikkje fører til ein teneleg bruksstruktur i landbruket, driftsmessig uheldig fordi ein blandar bruk med busetnad og drift med bruk som er fritidseigedomar og at ved deling vert einingane små og urasjonelle. Omsynet til fast busetjing vert best ivareteke om bruket vert selt slik det er.

Ressursane på dette bruket er avgrensa slik at sjølvstendig landbruksdrift på dette bruket åleine ikkje kan påreknast. Utmarksressursane i form av jakt og fiskerettar kan ha stor verdi dersom nokon vil busetje seg på bruket. Ei eventuell fordeling av utmarksressursane på 3 gardsnummer (ca. 20 eigarar) vil i liten grad styrkje ressursgrunnlaget på desse bruka. Eit alternativ til det som er søkt om kunne vere å dele frå tunet og selje resten (innmark og utmark) til eit av bruka i nærleiken. Det vil legge til rette for betre ressursutnytting og gje meir tenelege eigartilhøve.

Ein kan ikkje sjå kvifor ein skal legge opp til ein 44 da stor fritidseigedom inne i eit landbruksområde. Erfaringsmessig fører slik blanding til konflikhtar kring bråk frå maskiner, gjødsellukt, beitedyr, gjerdehald, gjennomføring av fellestiltak og liknande.

### **Konklusjon**

Det vert ikkje gjeve løyve til deling av driftseining på gbnr. 69/3, Langenes, grunna omsynet til busetjing og driftsmessig gode løysingar.

## **Saksgang**

Driftsutvalet gjer vedtak i saka.

Vedtaket kan påklagast av part i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter at melding om vedtaket er kome fram. Klagen skal sendast til Selje kommune, 6740 Selje og må vere underskriven. Med visse unntak har part(ar) rett til dokumentinnsyn i saka.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Med heimel i jordlova §§ 1 og 12 vert det ikkje gjeve løyve til deling av driftseining på gbnr. 69/3 Langenes i Selje kommune. Grunnen er omsynet til fast busetjing og driftsmessig gode løysingar ( § 1) og at vilkåra for deling i § 12 ikkje er oppfylte.

.....

### **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande

### **KU-042/11 VEDTAK**

Med heimel i jordlova §§ 1 og 12 vert det ikkje gjeve løyve til deling av driftseining på gbnr. 69/3 Langenes i Selje kommune. Grunnen er omsynet til fast busetjing og driftsmessig gode løysingar ( § 1) og at vilkåra for deling i § 12 ikkje er oppfylte.  
Samrøystes.

Utskrift til:

Adv. Hans Lothe



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	043/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Stein Inge Refvik	GBNR-21/21	11/514

## Gbnr. 21/21 - Byggsak - Naust - Reidulf Ervik

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	10.05.2011	Reidulf Ervik	Viser til Winsak 06/00300
5	U	11.05.2011	Reidulf Ervik	Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik - forspørsel og varsel om synfaring
6	I	29.05.2011	Reidulf Ervik	Forespørsel og varsel om synfaring
8	U	16.06.2011	Reidulf Ervik	Melding om vedtak - Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik
9	I	30.06.2011	Reidulf Ervik	Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.08.2011	Teikningar	27718

### Saka gjeld

Det ligg føre søknad om endring av gitt løyve til tiltak, etter pbl.§ 20-2, for oppføring av naust/uthus på gbnr. 21/21 på Stadlandet.

### Opplysningar til saka

Tiltakshavar: Reidulf Ervik.

Reidulf Ervik sendte 12.05.2006 melding om tiltak – bygging av uthus – naust.

I DS 111/06, delegasjon formannskapet, datert 10.01.2007, er det gjort m.a. følgjande vedtak:  
*Selje kommune har ikkje merknadar til meldinga slik den ligg føre. Bygningen må oppførast etter stadbunden byggeskikk og fargevalg.*

Ervik har gjort greie for følgjande:

Oppstart grunnarbeid og ringmur i 2009.  
Reising av bygget starta februar 2011.

Når det gjeld fasadeendring er det bygd framtak over portane, valt leddportar i staden for treportar og plassering av vindauge på sida av huset er noko endra.

I samband med utgreiing av naustbygningen er det og orientert om planer for tilflot for mindre båt.

Utgreiinga frå Reidulf Ervik vedrørende byggesaka vart referert i driftsutvalet 23.05.2011. Utvalet ynskte då synfaring på staden, og at saka vart utgreidd.

**I sak PS 31/11, driftsutvalet 09.06.2011, vart det gjort slikt vedtak:**

*Reidulf Ervik må inntil vidare avklaring stoppe bygginga. Søknad som tilsvarar påbegynt bygg må sendast til Selje kommune snarast for ny handsaming.*

Ervik har levert søknad om endring av gitt løyve til tiltak, etter pbl.§ 20-2, for oppføring av naust/uthus, datert 29.06.2011.

I søknad om endring av gitt løyve til tiltak kan det nemnast følgjande endringar i høve opphavleg søknad:

<b>Tiltak</b>	<b>Omsøkt</b>	<b>Opphavleg</b>
Lengde av bygningen	8,4m	6,9m
Vindauge fasade vest	3	2
Vindauge fasade aust	1	4
Dør / luke fasade nord	1	0
Høgde innvendig loft	1,885m	2,4m
Framtak over portane	Ja	Nei
Portar/dører i front – fasade sør	Leddportar med glasfelt	Tredører

Nabovarsel gjeve 27.06.2011. Ingen merknadar frå naboar.

**Lover/regelverk**

Plan og bygningsloven med forskrifter.

**§ 29-1. Utforming av tiltak**

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det får en god arkitektonisk utforming i samsvar med sin funksjon etter reglene gitt i eller i medhold av denne lov.

Tilføyd ved lov 8 mai 2009 nr. 27.

**§ 29-2. Visuelle kvaliteter**

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.

Tilføyd ved lov 8 mai 2009 nr. 27.

### **Sakshandsamar si vurdering**

I 2006 vart det gjeve løyve til å oppføre naustet som vart meldt, utan dispensasjon frå planføremål eller byggeforbod i 100m-beltet, sidan området i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til naust. I vedtaket er det presisert at bygningen må førast opp etter stadbunden byggeskikk.

Den i 2006 omsøkte bygningen skil seg og frå tradisjonelle naust med m.a. halvalma tak og smårutete vindauge. Det som gjer at ein kan oppfatte denne bygningen som eit naust er fasaden mot sør som har tradisjonelle naustdører i tre.

Den bygningen som er under oppføring, og som det er søkt om endring av gjeve løyve til, har særleg på grunn av ny portløyving og takframbygg over portane ein utsjånad som ei dobbel bilgarasje med loft. I høve til byggeskikk til naust avviker dette i betydeleg grad, og endringane tilfredstiller ikkje krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Dei andre omsøkte endringane påverkar inntrykket av bygningen i mindre grad, og kan godtakast.

### **Saksgang**

Driftsutvalet avgjer saka. Vedtaket kan klagast på av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Søknad om løyve til endring av gitt løyve til tiltak, etter pbl.§ 20-2, vert godkjend, med unnatak av omsøkt endra portløyving og takframbygg over portane.

Tiltakshavar har sjølv ansvaret for at tiltaket er i samsvar med krav etter plan og bygningslova med forskrifter (TEK).

Ein tek atterhald om at tiltaket har min. avstand i luft på 6m til høgspenlinje, og min. 2,5m horisontal avstand til lavspenlinje.

Dersom arbeidet ikkje er igangsett innan 3 år frå løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år (pbl.§21-9).

Bygningen /tiltaket eller evt. del av det, må ikkje takast i bruk før ferdigattest er gjeve, jfr pbl § 21-10.

Bygningen/tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn løyvet gjeld (naust).

.....

## **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande

### **Framlegg frå Frp, Krf, H, Frittstående pol. og Uavh. Gruppe:**

Søknad om løyve til endring av gitt løyve til tiltak, etter Pbl. §20-2, vert godkjent. Dei andre avsnitta vert som tilråding frå administrasjonen.

Avrøysting:

Framlegg frå Frp m.fl. fekk 6 røyster.

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst.

### **KU-043/11 VEDTAK**

Søknad om løyve til endring av gitt løyve til tiltak, etter Pbl. §20-2, vert godkjent.

Tiltakshavar har sjølv ansvaret for at tiltaket er i samsvar med krav etter plan og bygningslova med forskrifter (TEK).

Ein tek atterhald om at tiltaket har min. avstand i luft på 6m til høgspenlinje, og min. 2,5m horisontal avstand til lavspenlinje.

Dersom arbeidet ikkje er igangsett innan 3 år frå løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år (pbl.§21-9).

Bygningen /tiltaket eller evt. del av det, må ikkje takast i bruk før ferdigattest er gjeve, jfr pbl § 21-10.

Bygningen/tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn løyvet gjeld (naust).

Utskrift til:

Reidulf Ervik



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	044/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Stein Inge Refvik	GBNR-22/3, FA-L42	11/686

## Gbnr 22/3 - Byggesak - Garasje - Tore Nilsen

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	29.06.2011	Tore Nilsen	Søknad om tiltak uten ansvarsrett
2	U	06.07.2011	NVE region vest	Gbnr 22/3 - Byggesak - Garasje - Tore Nilsen - oversending for uttale
3	I	12.07.2011	NVE	Vedkomande oppføring av garasje ved elv

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.08.2011	Kart M 1:1000	27672

### Saka gjeld

Det ligg føre søknad om løyve til tiltak, etter pbl.§ 20-2, for oppføring av garasje på gbnr. 22/3, Sjøstad på Stadlandet.

Tiltakshavar: Tore Nilsen.

Nabovarsel gjeve 16.06.2011. Naboane samtykker i tiltaket.

Garasjen er planlagd med 48m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA) og 62,8 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA).

Garasjen er søkt plassert ca 5m frå Myreelva. Det er opplyst at garasjen vert oppsett i eit flomutsett område med sikkerhetsklasse F2 (middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år). I vedlegg til søknaden vert det orientert om byggeområdet og evt. fare for flom: Søkjar har budd på plassen i 22 år, og enno har ikkje elva gått over sine bredder. Likevel er elvebaren forøya med ca 0,8m gråsteinsmur. Søkjaren anser flaumfaren som svært liten i det aktuelle området. Søknaden er oversendt NVE for handsaming/uttale. NVE har i brev av 11.07.2011 gjeve uttale og gjort vedtak i saka:

NVE er i utgangspunktet skeptisk til at det vert ført opp bygning så nær elvelaupet. Vi vil rå til at søkjar vurderer om det er meir tenleg å føre opp tilbygget på motsett side av bustadhuset. Selje kommune må vurdere søknaden i høve til tryggleikskrava i TEK 10. NVE minner om at det bør vere høve til å kome fram med maskiner langs elvekanten om det i framtida skulle vere trong for det. Ut over dette vil vi peike på at det er søkjar sitt ansvar om elva skulle lage problem for nybygget i framtida. Vi kan ikkje sjå at tiltaket medfører ulemper for ålmenne interesser i eller i tilknytning til elva.

#### **NVE sitt vedtak:**

I medhald av vassressurslova § 8 finn NVE at omsøkte tiltak ikkje er konsesjonspliktig. Ein vil likevel oppmode søkjar om å vurdere andre løysingar som nemnt ovanfor.

Oppføringa av garasjen må ikkje vere til hinder for framkomst med maskiner mellom nybygget og elva.

På spørsmål frå sakshandsamar vert det frå NVE opplyst at 4m er nok vedr. krav til avstand for framkomst med maskin.

Søkjar har ikkje ynskje om å endre plassering av garasjen.

#### **Lover/regelverk**

Plan og bygningslov (pbl.) med forskrifter.

Pbl § 28-1

Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10) Kp 7

Veiledning til TEK10 kp 7.

#### **Sakshandsamar si vurdering**

Tiltaket kan handsamast som tiltak som kan forestås av tiltakshavar jf. §3-1 i SAK, forskrift om byggesak.

I følge veiledning til TEK10 er kravet til garasjer sikkerhetsklasse F1 (liten konsekvens, største nominelle årlige sannsynlighet 1/20). Søkjar meiner tomta tilfredstiller krav til sikkerhetsklasse F2, som er betre enn F1.

#### **Saksgang**

Saka vert avgjort av driftsutvalet. Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kjent for parten/ane.

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Søknad om løyve til tiltak vert godkjend jf. pbl. §20-2. Vilkår for løyvet er at tomten er sikra mot flaum frå elva tilsvarande minimum sikkerhetsklasse F1, og at plasseringa av garasjen tilfredstiller krav sett av NVE.

Tiltakshavar har sjølv ansvaret for at tiltaket er i samsvar med krav etter plan og bygningslova med forskrifter (TEK).

Ein tek atterhald om at tiltaket har min. avstand i luft på 6m til høgspenlinje, og min. 2,5m horisontal avstand til lavspenlinje.

Dersom arbeidet ikkje er igangsett innan 3 år frå løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år (pbl. §21-9).



Bygningen /tiltaket eller evt. del av det, må ikkje takast i bruk før ferdigattest er gjeve, jfr pbl § 21-10.

Bygningen/tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn løyvet gjeld.

.....

### **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande

#### **KU-044/11 VEDTAK**

Søknad om løyve til tiltak vert godkjend jf. pbl.§20-2. Vilkår for løyvet er at tomten er sikra mot flaum frå elva tilsvarande minimum sikkerhetsklasse F1, og at plasseringa av garasjen tilfredstiller krav sett av NVE.

Tiltakshavar har sjølv ansvaret for at tiltaket er i samsvar med krav etter plan og bygningslova med forskrifter (TEK).

Ein tek atterhald om at tiltaket har min. avstand i luft på 6m til høgspenlinje, og min. 2,5m horisontal avstand til lavspenlinje.

Dersom arbeidet ikkje er igangsett innan 3 år frå løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år (pbl.§21-9).

Bygningen /tiltaket eller evt. del av det, må ikkje takast i bruk før ferdigattest er gjeve, jfr pbl § 21-10.

Bygningen/tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn løyvet gjeld.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Tore Nilsen



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Delegasjon	Vedtaksdato	Saksnr
Driftsutvalet	29.08.2011	045/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-L81, TI-&58	08/690

## Sikring bustadfelt mot flaumskader, eldre bustadfelt Flatraket - Omprioritering / Finansiering

### Dokumentliste

#### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.08.2011	Kart, avskj.gr. Flatr..pdf	28654

### Saka gjeld

Overvassproblem, eldre bustadfelt Flatraket, jfr. vedlegga.

### Opplysningar til saka

Ovanfor det eldste byggefeltet på Flatraket har det over fleire år til tider vore store problem med mykje og uhandterleg overvatn.

Problemet har truleg eksistert frå byggefeltet vart etablert, men då i mindre grad. Har så utvikla seg over tid, også pga. aukande nedbørsintensitet.

Særskilt gbnr. 89/89 har vore ille plaga med dette.

I utgangspunktet vil det vere tomteigarane sjølve som må ta hand om overvatn frå omliggande terreng. Dette har dei også til ein viss grad gjort, eller i allefall prøvd å gjere, utan å lukkast. Dette skuldast i hovudsak at det etablerte overvasssystemet ikkje har tilfredstillande dimensjon til å ta seg av det stadig aukande overvatnet.

Resultatet er at vatnet renn inn på vegen og vidare nedover i feltet til irritasjon for andre oppsitjarar og til skade på vegdekket.

Med bakgrunn i dette ser sakshandsamar ikkje anna og teneleg løysing enn å etablere ei avskjæringsgrøft ovanfor feltet og leie vatnet ut i ei mindre elv som går gjennom feltet.

For ein del år attende, i 2005, vart det utarbeidd planer om ei tilsvarande løysing, men dette vart skrinlagt med bakgrunn i protestar frå ein del oppsitjarar som grensar inn til elva og som var uroa for at elva vart tilført meir vatn ovanfor deira tomter.

Etter dette, i 2009, la kommunen ei grov overvassleidning frå dette feltet og bort til Storeelva, og på den måten fjerna ein god del overvatn frå omtalte elv og leia det ut i Storeelva. Ein vurderer det slik at det i 2009 vart "fjerna" meir overvatn enn det som no vert "tilført" elva. Problemet som vart peika på den gongen, er difor ikkje lenger like aktuelt. Det er maksimalt snakk om 80 m grøft til ein kostnad på om lag 70.-75.000 kroner. Prosjektet må byggemeldast/nabovarslast før oppstart.

### **Finansiering**

I 2008 vart det løyvd 300.000 kroner til prosjekt nr. 0807, Avskjæringsgrøft ovanfor byggefeltet på Stave.

I ettertid vart i underkant av 140.000 kroner av desse midlane overført og nytta til omtalte overvassleidning til Storeelva. Resten skulle nyttast til avskjæringsgrøft ovanfor byggefeltet på Stave. Slik ein vurderer problemet pr. dato, haster det meir med ei avskjærende grøft på Flatraket enn på Stave.

Det vert difor gjort framlegg om at om lag 75.000 kroner av resterande midlar på prosjekt nr. 0807, vert omdisponert til avskjæringsgrøft på Flatraket.

### **Sakshandsamar si vurdering og konklusjon**

Med bakgrunn i saksutgreiinga, vert det tilrådd å omdisponere nødvendige midlar til avskjæringsgrøft på Flatraket.

### **Saksgang**

Tilråding i driftsutvalet;- endeleg vedtak om omdisponering og finansiering i kommunestyret.

### **TILRÅDING**

Selje kommune vedtek å sikre eldre del av byggefeltet på Flatraket ved å anlegge avskjæringsgrøft som skissert i saksutgreiinga, og omdisponerer nødvendige midlar, om lag 75.000 kroner, frå prosjekt nr. 0807.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 29.08.2011**

7 voterande

Driftsutvalet godkjende tilrådinga samrøystes.

### **KU-045/11 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes.

